

STATUSRAPPORT



12.12.16

NRK Nynorsk mediesenter

I 2016 har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått fast jobb i NRK, éin på Tyholt og fire ved distriktskontora.

Per dags dato har vi sendt frå oss 120 nynorskpraktikantar og 60 prosent av dei arbeider i media. 47 prosent i NRK. Totalt har 47 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 41 av dei er i NRK.

Kull 25 er klart for ekstern praksis frå 4. januar, og samstundes byrjar kull 26 på opplæringa i Førde.

Oppsummering av 2016

Medrekna dei to siste kulla har vi teke inn totalt 130 nynorskpraktikantar dei 14 åra NRK Nynorsk mediesenter har vore i drift. 60 prosent av dei 120 vi har sendt frå oss har arbeid i media.

- Dei som er gode i prosentrekning seier støtt at eg må vere nøgd med slike tal. Det er eg. Men dei kunne vore endå betre om nynorsk var viktig for alle som tilset i NRK. Vi har rota vekk for mange dyktige tidlegare nynorskpraktikantar siste åra, og det plagar meg, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Øvrebotten meiner at medvitet kring språk generelt, og nynorsk spesielt, er altfor dårleg i NRK. For mange bryr seg katten om det. Vi har fine målsettingar om at "NRK skal styrkje og utvikle norsk og samisk språk og kultur", og "Godt språk skal vere eit kjenneteikn for NRK". Det må gjelde heile NRK, ikkje berre dei som snakkar og skriv for oss på ulike plattformer. Skal dei vere trygge og gode språkbrukarar må systema rundt dei også bry seg om språka og måla våre, og ikkje bruke engelsk like naturleg som dei brukar norsk.

- Til jul skal Handlingsplanen for nynorsk i NRK vere klar. Eg håpar han slår fast at språk er eit leiaransvar, og at kravet om minst 25 prosent nynorsk i NRK også er det. Det kan ikkje lenger vere "valfritt" om ein bryr seg med det. I NRK Nynorsk mediesenter har NRK eit tiltak for meir nynorsk i media, som kan nyttast betre, seier Øvrebotten.

Kull 25: - No forlet vi det trygge, gode reiret i Førde



KATRINE NYGÅRD, JOSEF BENONI NESS TVEIT, KRISTA LIEN INDREHUS, MARTE IREN NORENG TRØEN, OG ANDERS TESDAL GALTUNG

Dei byrja på opplæringa i Førde 22. august, og er ferdige med praksisen i NRK Sogn og Fjordane til jul. Frå 4. januar til 28. februar skal dei i ekstern praksis rundt om i NRK.

Kathrine Nygård skal til Superdesken/Skolefri i NRK Super, Josef Benoni Ness Tveit til NRK Nordland og Krista Lien Indrehus til Norgesglasset i NRK P1, på Tyholt. Marte Iren Noreng Trøen til NRK Hedmark og Oppland, på Lillehammer, og Anders Tesdal Galtung til NRK Hordaland.

Kathrine Nygård, fødd 1993 i India, oppvaksen på Longva på Sunnmøre:

- Tida i Førde er snart ved vegg ende. Ein del erfaringar, ørten redigeringsprogram og tallause punkt på hugselista seinare ventar no den vidare kampen om å klamre seg fast i mediebransjen. Aldri før har det vore viktigare å tilpasse seg ei fleirmedial presse. Dei verktøya ein får som nynorskpraktikant i NRK er verdifulle og heilt i tida for ein mediebransje i superrask utvikling. Etter mi meining. Eg har opplevd tida i Førde som eit godt supplement til journalistutdanninga eg kom dit med. Men journalistutdanna eller ikkje - eg oppmodar alle til å prøve å bli praktikant. Det kan opne uana dører. God jul!

Josef Benoni Ness Tveit, fødd 1997, frå Holmedal, Askvoll i Sogn og Fjordane.

- Mediesenteret har gjeve meg nokre travle månadar. Det har vore ei svært turbulent tid, med både oppturar og nedturar, lange dagar og mykje jobb. Likevel har me fått mykje ut av tida vår i Førde. Me har blitt kjende med so mange dyktige menneske, lytta til so mange kunnskapsrike folk, og jobba saman med dei som er verkeleg røynde i faget. Verktøya me no sit med, kjem til å komme godt med når me etter jul reiser til alle hjørna av landet i ekstern praksis.

Eg har framleis ein lang veg å gå, men eg håpar at når eg no reiser til Bodø i praksis, er eg meir budd på det som verkeleg ventar meg i denne bransjen.

Marte Iren Noreng Trøen, fødd 1990, frå Slidre i Valdres, Oppland.

- No forlet vi snart Førde og det trygge, gode reiret. Vi vart kasta ut i det frå fyrste stund, men no skal vi altså ut i verda og greie oss heilt sjølv. Tida har gått veldig fort, men samstundes verkar det som vi har vore her i fleire år. Eg har lært ekstremt mykje på kort tid, og fått prøve meg som journalist på alle plattformer. Vi har jobba med mange flinke folk som har gitt oss tillit og hjelpt oss fram. Det har sjølv sagt vore travelt og tøft til tider. Men det du sit att med når du ser saka di på TV, høyrer reportasjen din på radio eller les saka di på nett er berre glede. No gler eg meg til å lære enda meir og få nye utfordringar og nye "adrenalinrush" i ekstern praksis.

Krista Lien Indrehus, fødd 1989, frå Bømlo i Hordaland:

- NRK Sogn og Fjordane er langt frå den verste plassen å vere ny og uerfaren. Her får ein spørje om kva det skal vere, og ein blir vist tillit i både store og små oppgåver. Det kjem mykje kjensle av meistring ut av dét, og vi blir sjølvstendige. Fire månadar i Førde har gått minst dobbelt så raskt som vanleg – samtidig kjennest det nesten ut som om vi alltid har vore her. Med fare for å bikke over den usynlege, men høgst reelle klisjéterskelen: Dette har verkeleg vore ein periode der eg fekk lære og utvikle meg enormt mykje. Takk til alle dei fabelaktige folka som har hjelpt meg på vegen!

Anders Tesdal Galtung, fødd 1994, frå Etne i Sunnhordland.

- Under reisa frå "loftet" til desken har eg erfart mykje, gått ut av komfortsoner, og prøvd meg i

forskjellige media. Det eg kjem til å hugsa best, er då eg skulle laga mi første TV-sak til Vestlandsrevyen. Me skulle dekkja hærverket i Eid kyrkje, og kameramannen blei oppringt frå Oslo. "Du skal direkte i TV-sendinga om ein time", fekk eg høyra. Det var akkurat nok tid til å sjå for seg alt som kunne gå gale på direkten, men det gjekk heldigvis greitt.

Kull 26

– ein døl, to sunnmøringar, ein nordfjording og ein sogning

Det var 33 søkjarar til dette kullet, og vi hadde 13 av dei inne til intervju, språk- og studiotest. Desse kom inn: Sigrid Sørumgård Botheim (1985), frå Lesja i Oppland, Espen Breivik (1992), frå Volda i Møre og Romsdal, Aleksander Båtnes, frå Fiskarstrand i Møre og Romsdal, Wibeke Bruland, frå Utvik i Sogn og Fjordane, og Snorre Sandemose, frå Gulen i Sogn og Fjordane. Dei byrjar på opplæringa i Førde 4. januar 2017:



Sigrid Sørumgård Botheim (1985), frå Lesja i Oppland, busett i Oslo. Ho er i ferd med å fullføre ein master i kultur- og samfunnsfag ved Universitetet i Oslo, med nordisk litteratur som studieretning. Ho har også ein bachelor i musikk frå NTNU i Trondheim.

Botheim er sjølvstendig næringsdrivande innan litteratur og musikk. Ho er både organist, pianist og akkompagnatør. I 2009 gav ho ut romanen Ramstein pensionat (Samlaget), saman med systera Guri Sørumgård Botheim. Dei var Festspeldiktatarar ved Dei nynorske festspela i 2013. Dei to systrene skriv fast for vekeavisa Dag og Tid.

Sigrid Sørumgård Botheim har vore redaktør for litteraturtidsskriftet Ratatosk, medlem i redaksjonsrådet for tidsskriftet Norsklæraren, og styremedlem i Oslo mållag og Kringkastings-ringene.

Espen Breivik (1992), frå Volda på Sunnmøre, busett i Oslo. Breivik har nett gått av som leiar for Røde Kors Ungdom i Norge, eit verv han har hatt i to år. Han har vore aktiv i organisasjonen i nær 10 år, fyrst lokalt i Volda og Møre og Romsdal, dei siste fem åra på landsplan. Heime i Volda var han innom AUF og SV, men er ikkje lenger partipolitisk aktiv.

Av utdanning har Breivik eit årsstudium i drama og teater ved Høgskulen i Volda, og fleire emner i statsvitskap ved Universitetet i Oslo, mellom anna: politisk teori, innvandring og integreringspolitikk. Det politiske systemet i Norge frå 1814 til i dag, offentleg politikk og administrasjon, og EU



som politisk system.

Breivik har vore tilkallingsjournalist og fotograf for lokalavisa Møre, frilansjournalist for nettstaden Framtida.no, redaktør for ungdomsbladet/nettstaden Pusj, i Natur og ungdom.

Aleksander Båtnes (1992), er frå Fiskarstrand, Sula kommune, i Møre og Romsdal. Han har ein bachelor i Experiens & Event Design ved Westerdals høgskule i Oslo. Det er ei ny utdanning prega av marknadskommunikasjon og prosjektleiing, med fokus på opplevingar.

Båtnes arbeidde som journalist i P3 frå november i fjor til august i år, og har mange år bak seg som programleiar i Radio Ålesund. Der hadde han ansvaret for å planlegge og gjennomføre ei dagleg sending på åtte timar.



Wibeke Bruland (1984), frå Utvik, Stryn kommune, i Nordfjord. Ho har teke forfattarstudium, både ved Høgskulen i Telemark og ved Universitetet i Tromsø. Ho har også studert spansk og filosofi ved Gateway College på Cuba, og kunst, media og kommunikasjon ved NTNU i Trondheim.

Bruland har arbeidd ved turistmål i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre, vore fjellturguide på Tenerife og køyrt turistar med hundeslede nord i Finland. Ho har skrive artiklar på nynorsk for reisemagasinet Vagabond og delteke i internasjonale kunstprosjekt på Island. Ho har vore deltakar på Latin-Amerikagruppene i Norge (LAG) sin solidaritetsbrigade til Bolivia. Bruland er svært oppteken av natur, miljø og dyr, og har arbeidd ti sesongar ved Langedrag Naturpark.

Snorre Sandemose (1983), frå Gulen i Sogn og Fjordane, busett i Oslo. Sandemose har ein bachelor i historie, med spansk som støttefag, frå Universitetet i Oslo, og ein bachelor i russisk språk og kultur, frå Universitetet i Bergen.

Sandemose har vore guide på ti ulike reisemål, på tre kontinent, i ni år på rad. Han har arbeidd som reiseleiar og guide for Escape Travel og Nytt & Nyttig, og han er Oslo-guide. Han har leia elvecruise mellom St. Petersburg og Moskva, på Dnepr frå Kiev til Krimhalvøya, samt på Seinen, Rhinen og Donau. Han har også vore reiseleiar med tog og buss gjennom Silkevegen.

Første sommarjobben hadde han på Nynorsk antikvariat i Fjærland. Han er ihuga nynorsking, og kan elles svensk, engelsk, russisk og spansk, og litt tysk og polsk.



Fem faste jobbar i 2016



Kjersti Anderdal Bakken og Aleksander Åsnes fekk begge fast jobb i NRK i november. Anderdal Bakken i NRK P1, på Tyholt, og Åsnes i NRK Sogn og Fjordane. Begge var ferdige som nynorskpraktikantar i år, på kull 23 og 24.

Kjersti Anderdal Bakken (1990) kjem frå Gol i Hallingdal. Ho har master i musikkvitskap frå NTNU, med fordjuping i mediefag, og skreiv masteroppgåve om musikkstrategien i NRK radio. Bakken hadde også arbeidd i lokalavisa Hallingdølen og i studentradioen Radio Revolt før ho vart nynorskpraktikant.

Aleksander Åsnes (1990) er frå Førde. Han har bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, med eit semester på utveksling ved Berkeley universitetet i California. Åsnes har elles studert nordisk, juss og historie, og vore aktiv i Unge Venstre på ulike nivå.

Totalt har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i NRK i år. I tillegg til dei to nemnde er det: Sigrid Agnethe Hansen (kull 21) i NRK Troms, Sondre Dalaker (kull 15) og Adalheidur Oldeide (kull18) i NRK Sogn og Fjordane.

Rune Fossum fast tilsett som faglærer

Rune Fossum (42) byrja som faglærer i NRK Nynorsk mediesenter 1. august i år, i eit vikariat for Terje Gilleshammer. Men etter at Gilleshammer vart tilsett som distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane vart stillinga ledig og Fossum fekk jobben.



- Eg har alltid likt å vere der det skjer og formidle gode historier. Difor sat det langt inne å ta steget bort frå journalistikken i NRK Sogn og Fjordane og over til jobben som faglærer ved NRK Nynorsk mediesenter. Men då tilbodet dukka opp i form av eit vikariat, gjorde det saka lettare. Det var verdt å prøve. Eg likte meg så godt at eg valde å seie opp gamlejobben og takke ja til fast jobb etter berre nokre månader.

Eg er framleis glad i å formidle gode historier, men no prøver eg som faglærer å inspirere andre til å like det - i staden for å lage sakene sjølv. Og eg likar jobben forbausande godt. Dagane på jobb er varierte, utfordrande og givande.

Praktikantane er kanskje dei mest motiverte elevane ein kan tenkje seg, og eg kjenner meg privilegert som får vere med og utvikle kommande NRK-journalistar. Det er kjekt å sjå unge folk ta imot kunnskap, ta den i bruk - og slå ut i blomst når dei kjem i praksis, seier Rune Fossum.

Fossum har ein bachelor i journalistikk frå Mediehøgskulen Gimlekollen i Kristiansand. Han har også mellomfag i historie frå Universitetet i Trondheim og grunnfag i statsvitskap frå Høgskulen i Molde. Han var fenrik i Forsvaret, i tre år, mellom anna nestkommanderande ved Grense Jakobselv Grensestasjon.

Rune Fossum byrja som sportsjournalist i avisa Firda i 1999. Der var han i nesten ti år, før han kom til NRK Sogn og Fjordane. Der har han vore vaksjef i fem år, og dei to siste åra reporter på nett, radio og fjernsyn.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 12.12.16 har vi sendt frå oss 120 nynorskpraktikantar og 60 prosent av dei arbeider i media. 47 prosent av dei arbeider i NRK. Totalt har 47 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 41 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale media. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, P2-programma Ekko og Spillerom, Norgesglasset, Kveldsåpent og Natradioen i NRK P1 og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, som gjestebookar i Senkveld i TV 2, i avisene Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv, i produksjonsselskapet Monster og som SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Bisqit Norge, Norske Kunstforeninger, Senterpartiet si stortingsgruppe, Von kommunikasjon, Statistisk Sentralbyrå og Kirkens Nødhjelp.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016



Martin Torstveit (1992) er vikar i NRK Telemark. **Martha Våge** (1989) er vikar i programmet Spillerom NRK P2, **May-Helen Rolfsnes** (1993) er vikar i NRK Hordaland. **Solveig Svarstad** (1989) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og for tida også vikar som programleiar i Vestlandsrevyen. **Aleksander Åsnes** (1990) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er fast tilsett i NRK P1, Tyholt. Thomas **Brakstad** (1989) er tilkallingsvikar i NRK Sport, og frå nyttår vikar i NRK Sogn og Fjordane. Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er prosjektleiar for SoMe-satsinga til Vest-Telemark Blad, og journalist i avisa. Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar i vaksenopplæringa i Oslo, og Even **Lusæter** (1979) er vikar i NRK Hedmark og Oppland.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er vikar i informasjonsavdelinga til Statistisk Sentralbyrå (SSB). Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Bergen. Gunhild **Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og studerer praktisk pedagogikk ved Universitetet i Oslo. Steinar **Daltveit** (1989) er frilansar og standupkomikar i USA og Signe Fuglesteg **Luksengard** (1990) er vikar i BlimE-redaksjonen i NRK Super og lagar bok om heimbygda.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias **Engevik** (1995) studerer TV-teknikk ved Høgskulen på Lillehammer og er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland. Tor-Erik **Humlen** (1988) er vikar som gjestebookar i programmet Senkveld i TV 2. **Ine Eftestøl** (1984) er frilansar med base i Rogaland, Hibba **Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar i VG og Sigrid Agnethe **Hansen** (1989) er fast tilsett journalist/ programleiar i NRK Troms.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Oddbjørn Myklebust **Opsal** (1988) er kokk. Liv Ragnhild Holdhus **Sjursen** (1984), er språk-konsulent i NTB Arkitektst, Guro **Kvalnes** (1991) har 50 % fast jobb som arr. ansvarleg ved Kongsberg bibliotek og ho er konsulent i Samlaget. Silje Steinnes **Bjerknes** (1988) er vikar i NRK Møre og Romsdal, og Halvor Farsund **Storvik** (1981) er journalist på nettstaden Porten.no, med base i Sogndal.

NRKs rekrutteringsprogram

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdjupingar:

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sápmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.

Formulering ved *interne* utlysingar

Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for some, nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015, med ei løyving på 2,2 mill. kroner. Fekk same summen i 2016, men i budsjettforliket i Stortinget denne veka fekk dei 2,7 mill. for 2017. Firda Media løyver 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteføre-lesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Frå hausten 2015 har vi invitert journalistar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelesingar. I 2016 har totalt 15 journalistar nytta seg av tilbodet.